



Sak nr 29/2013

Møtedato: 4.9.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S680

S 680, Jaslangen – søknad om beite

Gerd Nanti og Normann Helle søker om ca 10,5 daa inngjerda beite frå S705 i retning mot Grønsenn.

Søkjaren driv mjølkeproduksjon på stølen med 16 mjølkekyr og 9 kviger. Talet på dyr blir sannsynlegvis auka til neste år. Stølsjordet S705 tilhøyrande Frank Moe har vore leigd til beite for kalvane, men dette blir for lite. Det er derfor ynskje om å gjerde inn eit større areal.

Stølsforskrift §5 regulerar utvising av beite:

§ 5. Beiteareal, inngjerding, natthamning og gjetarbu

Jordbrukar med beiterett i statsallmenning kan få utvist areal til inngjerding og natthamning (beiteareal), og ein stad for oppføring av gjetarbu, anten aleine eller saman med andre jordbrukarar. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for areal til inngjerding eller gjetarbu, ved til dømes å leggje fram driftsplan.

Søknad om å få utvist beiteareal og ein stad for oppføring av gjetarbu skal sendast til fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningssstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Fjellstyret tek avgjerd om beiteareal og gjetarbu, og fastset dei nærare vilkåra for det utviste, under dette vilkår om oppføring av gjetarbu, kva slags bygningar som kan setjast opp, frist for å ta bua eller beitearealet i bruk m.m. Fjellstyret skriv ut eit dokument til beitebrukaren om utvisinga. Statskog SF skal ha kopi av det endelege vedtaket og dokumentet til beitebrukaren.

Statskog SF tek avgjerd om inngjerding av beiteareal etter tilråding frå fjellstyret.

I avgjerda kan Statskog SF setje dei vilkåra som er nødvendige, mellom anna kva slag gjerde søkjaren skal bruke og kor det av omsyn til ferdsel skal vere eit le eller ei grind.

Når beitearealet eller gjetarbua ikkje lenger er i bruk skal fjellstyret fatte vedtak om at inngjerdinga eller gjetarbua skal fjernast, om det ikkje kan utvisast til ein annan som har bruksrett. Elles gjeld føresegnene om fjerning av hus i § 8 tilsvarende.

Søknad om inngjerding av beite skal leggjast ut til offentleg ettersyn før fjellstyret gjer endeleg vedtak.

Søknaden er oversendt kommunen og Statskog til uttale.

Statskog er positive til tiltaket og tilrår fjellstyre i å vise ut nytt tilleggsjord for bruk til beite. Statskog er tvil om arealet skal visast ut som beite etter §5 elles som tilleggsjord etter §17. Statskog meiner at utvising som tilleggsjord etter §17 er mest rett. Fjellstyret har oppfattar søknaden slik at det berre er plass for gjerde som skal planerast med gravmaskin, ikkje sjølve beitet.

Vedtak:

Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn.

Vedtaket er einstemmig.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.9.13

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Gerd Nanti og Normann Helle
Vestre Slidre kommune
Statskog